

## LIGG STILL

*Teksten er ikkje fullt så mystisk eller "Blut und Boden"-inspirert som han kanskje kan synest, men berre eit forsøk på å beskrive den tilstanden vi av og til kan oppleve – brått å vakne og vere litt lausriven frå tid og stad, mellom draum og vaken, og brått kjenne seg som barn igjen. Det barnet vi ein gong var, og alltid vil ha inne i oss. Og mitt indre barn går som oftast i fjøra, mellom rur og steinar og tang og tare og rusk som har drive i land sist natt.*

Når du vaknar av ei dør som smell  
Og tenkjer – kanskje var det sant, då, likevel  
At midt i alt som er, vart noko til  
Vart hud og blod og vilje

Eller tvil – eit minne kom som svar  
Eit minne om det barnet som vi alle var  
Eit minne om eit barn som alltid vil  
Vere hos oss når vi vaknar

Så ligg still – og kjenn om det er sant  
Eller berre – natta som forsvann  
At kanskje alt var bærer som drog bort  
Og gløymde nokre restar

Tang og rot – som floa har lagt att  
I våte dungar vinden vaska inn i natt  
Der du kan gå og leite, gå deg vill  
Imellom rur og steinar

Så ligg still